

Forsknings- og innovasjonsstrategi for Møre og Romsdal er ute på høyring

Strategien gjeld for både næringslivet og kommunal sektor. Høyringsfristen er 7. april 2021

PUBLISERT 15. MARS 2021 OPPDATERT 7. FEB. 2023



Anna-Marie Hatlestad og Øyvind Herse

FoI-strategien skal gjelde for perioden 2021 - 2024 og er ei rullering av FoI-strategiane for perioden 2016 – 2020. Utkastet til ny strategi bygger på innspel frå workshops hausten 2020, som var arrangert både i Kristiansund, Molde og Ålesund.

Oxford Research har evaluert dei no utgatte FoI-strategiane og Menon har utarbeidd rapporten «Omstillingsbehov i Møre og Romsdals eksportnæringer». Desse rapportane inngår også i kunnskapsgrunnlaget for ny strategi.

-Vi ønsker spesielt innspel på om strategien peikar på sentrale og aktuelle utfordringar i Møre og Romsdal, og om dei seks prioriterte strategiane svarar på utfordringane og bidrar til å auke innovasjonstakta, seier rådgivar Øyvind Herse.

[Gå til høyringa](#)

Forankring

FoI-strategien er forankra i Partnerskap for kompetanse og verdiskaping, som består av Møre og Romsdal fylkeskommune, NHO, LO, KS, Innovasjon Norge, Norges Forskningsråd, SIVA, NAV og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Styringsgruppa for strategiarbeidet er samansett av representantar frå næringsliv, kommunar, akademia og verkemiddelapparatet.

Meldinger ved utskriftstidspunkt 24. juni 2026, kl. 17.26 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.